



Willy og Hjørdis Holgersen er dagleg inne på digitale møte.

Hjørdis og Willy Holgersen, 89 og 90 år, er aktive medlemmer i Jehovas Vitne i Kvinnherad. Menigheten lokalt tel rundt 30 vitne og har sin base i Rikets sal i Herøysundet. Her har dei til vanleg sine faste møte kvar tysdag og søndag. I tida med korona og Covid 19 har alle møta vore digitale. Den høge alderen deira er ikkje noko problem. Hjørdis og Willy sit med kvar sin Laptop og føl møta to gonger i veka på nettet. I tillegg kjem dagens tekst kvar dag ved frukosten, lagt ut sentralt frå JW organisasjonen.

Willy Holgersen kjem frå Bergen, har vore målar og drive eige firma. I ein ti-årsperiode var han sekretær for Jehovas Vitne med reiseområde i Nord Noreg. I dag er han medlem i styret, det som vert kalla Eldste, saman med Torbjørn Flodsand, Trond Sæterdal, Roy Arne Jensen og Flemming Henborg.

Hjørdis kom tidleg med i menigheten. Ho vart døypt i 1972 og har i alle år etter det vore eit aktivt vitne. Ho minnest like tilbake til 1955 at Jehovas vitne kom med båt og la til ved Sandakien. Det var som ein agentbåt som vart brukt til omreisande møte. Den gongen var det nokon som åtvare henne og sa at på den båten måtte ho ikkje gå.

Lørdag 19. desember

[Epafras] kjemper alltid for dere i
bønnene sine. – Kol 4:12.

Epafras kjente brødrene godt, og han
hadde stor omtanke for dem. Paulus

[Utdrag av dagens tekst 19. desember på skjerm.](#)

Jehovas Vitne høgtidar ikkje jul. Ho hugsar godt fyrste jula uten juletre i huset. Bror hennar, Olav frå Malkenes, kom alltid på julebesøk i romjul. Han gjekk rundt i huset, såg seg rundt, men fann ikkje juletre. Han sa ikkje eit ord og kommenterte ingen ting. Han synte henne respekt.

Hjørdis gifta seg seinare med Willy. Dei har det godt saman i deira høge alder og deler i fellesskapet i alt det inneber å tilhøyra eit trussamfunn som Jehovas Vitne. Dei byggjer si lære på Bibelen, og at den er Guds ord. Gud åleine er den Allmechtige Gud. Menigheten har klare mål for livet og for kvardagen. Ein skal visa omsorg, passa på og hjelpe dei som har det vanskeleg, gje råd og rettleiing. MIsjonsbefalinga er sentral, og alle prøver å forkynna minst ein gong i veka, til vanleg med husbesøk, men den siste tida pr. telefon og brev.

Menigheten har eit fast program for kvar månad med ansvarsfordeling og oversikt over møte, offentlege og lokale føredrag, tema til samtale og ikkje minst emne for undervisning.

I november hadde Jehovas Vitne ein kampanje retta mot alle folkevalde og myndighetspersonar lokalt og på riksplan om Guds rike, særleg i ei vanskeleg tid med pandemi. Menigheten har motteke mange positive tilbakemeldingar om eit budskap som nådde mange.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Kristian Bringedal / Tor Bringedal (henta frå boka Frå Bringedalsbygda til Herøysund)



Rikets Sal bygd 1994, reist på to dagar, fredag og laurdag og klart til 1. møte søndag kl.11.00.